

*skdl*

Jon Geir Høyersten

Utne, 23.9.2016

**Situasjonsbeskrivelse og forslag til tiltak ved takbjelke og vindauga i kjeller i Brockhuset på Utne.**

Slik ein kan tolka det kviler den eine takbjelken i kjelleren på midtposten på vindauga og pressar karmen nedover.

For å hindra vidare belastning er det sett opp ei støtte på innsida under bjelken og ned på skiferhella under vindauga. Denne vert så løfta i framkant, skoddene på innsida kan difor ikke opnast eller latast igjen.

Forslag til tiltak går ut på og avlasta vekt frå bjelken ved å montera ein opplagsbjelke over vindauga og inn på murane ved sida av. Golvbjelken må fellast inn i denne og sikrast med lange kraftige skruer frå utsida som vert forsenka og plugga med trenaglar. Bjelken kan kalkas på innsida og utsida.

Skiferhellene får ein då justert og pussa fast med kalk/sandmørtel.

Gunnar Kjerland  
Handverkar  
Hardanger folkemuseum  
41366674